

Taule Bygg AS
Storsteinen 3
5911 Alversund
Mobil:91619146
e-post:taulebygg@hotmail.com

Lindås kommune
Byggesaksavdelinga

SØKNAD OM DISPENSASJON

Vedlegg til søknad om løyve til oppføring av tilbygg/påbygg-Gnr.137, Bnr 640 Alver
SAKSNR:16/3369

Ifølge Braplankart vedtak av 22.09.88 viser kartet at vegen skal forsetja vidare sør/aust.

Dette gjeld ikkje i dag avdi Gnr.137 Bnr.175 er eigen tomt med hus og garasje etablert.

Reknar med at det er gitt dispensasjon for denne utbygginga

Ifølge braplan kartet bryt både hus og veg byggelinja for denne tomta.

Garasjen til Gnr.137 Bnr.625 bryt og byggelinja

Kan ikkje sjå at tilbygg/påbygg på Gnr.137 Bnr.640 får nokon konsekvensar med hensyn til byggelinja då tilbygg/påbygg ligg ca. 3 meter over kommunal veg og dermed ikkje er til hinder for trafikantar eller naboar. Denne tomta er den siste tomten på venstre side av vegen og det er berre trafikk frå Gnr.137, Bnr.625 som går forbi utkjøyrsla til denne tomta. Dvs.at det berre er trafikk frå ein tomt som passerer denne tomta ein må ta hensyn til. Visst ein ser på alle terrassar, altanar og hekkar som er etablert i feltet som bryt med byggelinja er dei til meir hinder for god trafikksikkerhet enn det som gjeldt for denne tomta.

Huset har ei grunnflate på 97 m2 i 2 høgder som er eit lite hus sett i forhold til andre hus i feltet.

Utifra størrelsen på tomten er ei utnyttingsgrad på 25% innafor det me meiner er akseptabelt.

Nevner her gnr.137 Bnr.175, 627, 635, 642, 652, 514 som ifølge plankartet er tegna inn mykje mindre enn det som er bygd. Her kan ein ikkje gjera forskjell på eigedommane med hensyn til dispensasjon av arealet som er bebygd. Av desse husa er utnyttingsgraden noko høgare enn på dette tiltaket.

Når det gjeldt størrelsen på tilbygget meiner me at huset no vert meir i samme størrelse og stil som resten av husa i nærområdet.

Ved henvendelse til Lindås kommune fekk me utlevert naboliste til naboer som direkte vert berørt av tilbygg/påbygg til denne eigdommen. Ved gjennomgang av søknaden så krev kommunen at alle naboar også dei på andre sida av kommunal veg vert varsla. Kvifor kan ein ikkje få rette opplysningar

med ein gong. Det er ei lov som seier kva for naboar som skal varslast og då må alle i kommunen kunne gi samme svar på kven som skal ha nabovarsel.

Me kan ikkje sjå at andre naboar som ikkje direkte vert berørt skal varslast. Disse ligg ca.3meter lågare og på andre sida av kommunal veg. Dei får heller ikkje redusert sol- eller utsiktsforhold avdi husa deira ligg sør- sørvest for dette tiltaket. Nabovarsel er no sendt til alle naboane og det er ikkje kome merknader eller protestar på dette varselet.

Når ein henvender seg til kommunen for å få situasjonskart over ein eiendom bør ein få eit kart der byggjegransa er innteikna. Skal ein bruka utskrift frå BRA-plan kartet er dette så dårlig at det er vanskelig å bruka i ein søknad. Dessutan så er det gjort endringar som er vist i situasjonskart og ikkje på reguleringskart frå kommunen. På reguleringskartet forsetter vegen vidare sør/austover mens det på situasjonskart sluttar kommunal veg ved tomtegrense til Gnr.137 Bnr.625.

På kartet ser det ut for at vegen svingar litt på slutten men vegen er slik den ligg no i rett linje.

Meiner dette er nok opplysningar og at saka vert behandla snarleg.

Mvh



Frode Taule

Taule Bygg AS